



Døme på at kreativiteten blomstrar!

Etter ostehøvelprinsippet vart det kutta med ca 485 000 kroner av samla i budsjettet til Uskedalen oppvekstsenter i 2015, noko som medførte at eit allerede underbudsjettert oppvekstsenter fekk enda mindre pengar å rutte med til daglig drifta. Det vart minimalt med pengar til pedagogisk materielle, leiker, vikar ved sjukdom og vedlikehold av utearealet vårt.

Ein av konsekvensene av dette vart at barnehagen har måtte vurdere å fjerne leikeapparat som etter forskriftene påkrev vedlikehold/reparasjon og oppgradering for og vera fysisk trygge.

I budsjettet vårt er det ikkje rom for oppgradering og nykjøp av leikeapparat til uteområdet.

I utgangspunktet ein fortvilende situasjon, som til ytterligkanten kunne medført ein forringelse av det pedagogiske tilbudet.

Er det likevel lov og seia at eg er knallstolt over barnehagen min?

Når ting strammar seg til dreg personalet, bygdefolk og ulike verksemder i bygda opp armene og gjere ein ekstra innsats for barnehagen vår.

Her har kreativitet, dugnadsånd, samarbeid, og gode idear stått i kø. Med gaver i form av maling, penslar, pallar, slangar, bildekk og traktordekk osv, har personale med familiemedlemmer vaska, mala, snikkert, og reparert uteområdet vårt i fritida si. I tillegg til reparasjon og vedlikehold av etablerte leikeapparat, har personalet med kreativitet og gode ideer laga bensinstasjon, friska opp steinene med friske farger, og laga ein krokodille/drage av ein trestokk (som henta frå Elsa Beskoe si barnebok).

Leikeplassen vår byrja å ta form. Opprustinga av leikeplassen vår er godt på veg, og meir skal på plass.

Barnehagebarna kan knappast vente med å få komme seg raskt nok ut etter frokosten for å leike bensinstasjon, butikk, eventyr og alt som høyrer med.

Som styrar i Uskedalen barnehage må eg takka for fantastisk dugnadsånd, og gaver til barnehagen, som har gjort det mogleg for oss å få til ein flott leikeplass som fremjar trivsel, kreativitet, læring og den gode leiken.

TAKK!



Drivstoff må til!

Ann Irene Sæle (tekst og foto)
Styrar i Uskedalen barnehage

Nett: Thor Inge Døssland.